

## Val av medlemer og varamedlemer til generalforsamlinga i

### Sparebankstiftinga Hardanger

**Etter vedtekten for Sparebankstiftinga Hardanger skal det i 2024 veljast 3 medlemer og 8 varamedlemer til generalforsamlinga.**

**Vedtekten § 2-2 lyder no slik etter endringar som vart vedteke på generalforsamling den 19. april 2023:**

#### **§ 2-2 Val av generalforsamlinga**

Generalforsamlinga skal ha 13 medlemer og 8 varamedlemer. Generalforsamlinga si samansetning skal spegla kundestrukturen i Sparebanken Hardanger som skipa stiftinga, andre interessegrupper og samfunnsmessige interesser knytt til sparebankstiftinga si verksemد.

Kwart år skal det haldast innskytarval, der dei medlemene som har gjort teneste lengst går ut, og slik at valet vert gjennomført over ein 4 års turnus, ved at det første året vert vald 4 medlemer og dei neste 3 åra vert vald 3 medlemer kvart år.

Medlemene skal veljast av og blant innskytarar som dei siste 6 månadane før kunngjeringa av valet, har hatt bustadadresse i kommunane/herada Eidfjord, Ullensvang, Kvam, Ulvik eller Voss, og har hatt innskot i Sparebanken Vest med over eit bestemt beløp som vert fastsett av styret i stiftinga. Ingen innskytar kan gje meir enn ei stemme.

5 innskytarvalde medlemer og 3 varamedlemer skal vera busette i region Aust som omfattar Ullensvang kommune og Eidfjord kommune.

5 innskytarvalde medlemer og 3 varamedlemer skal vera busette i region Nord som omfattar Ulvik herad og Voss herad.

3 innskytarvalde medlemer og 2 varamedlemer skal vera busette i region Vest som omfattar Kvam herad.

Generalforsamlinga vel ein valkomité med 3 medlemer. Valkomiteen skal førebu vala, herunder ta omsyn til at samansetjinga av generalforsamlinga skal spegla kundestrukturen i Sparebanken Hardanger som skipa stiftinga, andre interessegrupper og samfunnsmessige interesser knytt til sparebankstiftinga si verksemد. Leiar av generalforsamlinga skal vere leiar av valkomiteen. Valkomiteen innstiller kandidatar til styret og generalforsamlinga for kvart enkelt valområde. Vala skal organiserast av styret i stiftinga. Valet skal kunngjeraست i minst ei lokalavis seinast 14 dagar før valet skal finne stad, og elles slik styret vedtek. Valet kan gjennomføraست ved brev, medrekna elektronisk post eller annan forsvarleg måte etter styret si nærmere avgjerd.

Generalforsamlinga vert vald for 4 år. Varamedlemer skal veljast for 1 år. Vala til generalforsamlinga skal gjennomføraست innan utgangen av april månad. Attval kan finna stad.

Innskytarvalt medlem i generalforsamlinga kan ikkje ha dette vernet i lengre enn 12 år samanhengande og ikkje lengre enn 20 år samla.

Generalforsamlinga vel sjølv leiar og nestleiar. Val av medlemer eller varamedlemer av generalforsamlinga skal skje innanfor den til ei kvar tid gjeldande lovgjevinga. Medlemer og varamedlemer av generalforsamlinga må ikkje ha styreverv eller vera tilsette i selskap som konkurrerer med Sparebanken Vest. Dersom noko medlem i løpet av funksjonstida kjem i ein slik situasjon, kjem varamedlemen inn i vedkomande sin stad. Dersom ein varamedlem kjem i nemnde situasjon, går vedkomande ut som varamedlem.

På generalforsamlinga den 19. april 2023 vart det vald slik valnemnd:

Per Røberg, Norheimsund, leiar  
Kjellaug Hoås Samland, Jondal, nestleiar  
Svein Jåstad, Grimo

Noverande medlemmer til generalforsamlinga er:

**Valde medlemer:**

**Region Aust:**

Svein Jåstad, Grimo  
Angunn Handegard Trå, Herand  
Arild Rieber, Eidfjord  
Kjellaug Hoås Samland, Herand  
Marianne Eide, Jondal

**Region Nord:**

Arild Een, Voss  
Liv Hauso, Ulvik  
Målfrid Hjeltnes, Ulvik  
Rolf Tore Djønne, Ulvik  
Liv Hauso, Ulvik

**Region Vest:**

Per Røberg, Norheimsund  
Anita Hesthamar, Tørvikbygd  
Evy Kleivane, Norheimsund

**Av dei valde medlemene er følgjande på val i 2024:**

Liv Hauso, Ulvik  
Per Røberg, Norheimsund  
Evy Kleivane, Norheimsund

**Valde varamedlemer:**

Bente Eikås, Kinsarvik  
Eldbjørg Furholt, Odda  
Arne O. Bu

Hans Velken, Granvin  
David Inge Tveito, Granvin  
Heidi Marie Medås, Granvin

Hallgeir Aase, Strandebarm  
Bjørn Otto Wallevik, Ålvik

Varamedlemene vert valt for eit år slik at alle er på val.

Valet skal ifølgje vedtekten skje regionsvist fordelt slik:

**Region Aust:** Ullensvang og Eidfjord. Det skal i år veljast 3 varamedlemer.

**Region Nord:** Ulvik og Voss. Det skal i år veljast 1 medlem og 3 varamedlemer.

**Region Vest:** Kvam. Det skal i år veljast 2 medlemer og 2 varamedlemer.

Valnemnda innstiller på dobbelt så mange medlemer/varamedlemer som det skal veljast. Valnemnda si innstilling:

**Region Aust:**

1. Bente Eikås, Kinsarvik
2. Elbjørg Furholt, Odda
3. Arne O. Bu, Eidfjord
4. Terje Bråvoll, Kinsarvik
5. Asle Lægreid, Odda
6. Jeanette Helleland, Lofthus

**Region Nord:**

1. Heidi Marie Medås, Granvin
2. Hans Velken, Granvin
3. David Inge Tveito, Granvin
4. Johanna H Lillegraven, Granvin
5. Bjørn Senderud, Voss
6. Olav Ohnstad, Voss
7. Rigmor Onarheim, Voss
8. Anne-Marie Øydvær, Granvin

**Region Vest:**

1. Per Røberg, Norheimsund
2. Hallgeir Aase, Strandebarm
3. Bjørn Otto Wallevik, Ålvik
4. Gunnar Kvandal, Øystese
5. Anne Engedal, Norheimsund
6. Hans Jørgen Andersen, Norheimsund
7. Randi Rykkje, Øystese
8. Bjørn Øyri, Øystese

**Reglar for valet:**

Røysterett har dei som er busette i ein av kommunane/herada Eidfjord, Kvam, Ullensvang, Ulvik eller Voss og som i dei siste 6 månadar har hatt innskot i Sparebanken Vest på kr 500,- eller meir. Berre myndige personar kan røyste ved valet.

Vedlagte røystsetlar skal nyttast. Røysteføre nyttar røystesetelen for sin region og kan berre røysta på kandidatar innanfor sin region.

Røystesetelen skal sendast per brev til **Sparebankstiftinga Hardanger ved Valnemnda, adr. Postboks 43, 5782 Kinsarvik.**

Brevet må vera **poststempla seinast fredag den 08.03.2024**. Røystesetlar som ikkje er mottekte innan 3 dagar etter fristen vert forkasta.

Valnemnda skal kontrollera identiteten til den som røystar.

Dersom det er ynskjeleg å halda hemmeleg kven ein røystar på, må røystesetelen utan påført namn leggast i ein lukka konvolutt som vert lagt i ein annan konvolutt, der det går fram namn og adresse for den som røyster.

Den/dei som får flest røyster vert vald. Som varamedlem vert den vald som deretter får flest røyster o.s.v. Ved likt tal røyster vert valet avgjord av rekkefølgja på vallista.

Per Røberg

Leiar i Valnemnda